



Deltakarane i møtet

Dykkar ref.
Vår ref. KAI

Journalp.ID 11/15635
ArkivsakID 11/728-3
Arkiv nr. N-132.8, N-132.7

Dato 28.11.2011

REFERAT FRÅ MØTE 25.11.11 VEDR. SAL AV HUSEBØ GAMLE SKULE

Frå Husebøkrinsen Bygdelag møte:

Eva Birkeland, Jarle Husebø og Georg Thunold.

Frå Meland kommune møte:

Ordfører Nils Marton Aadland, rådmann Ingvild Hjelmtveit, drifts- og vedlikehaldsleiar Jens E. Dahl og ass. rådmann Kari Anne Iversen.

STATUS

Det vart vist til to innleiande drøftingsmøte i saka: 09.06. og 05.08.11.
Skuletomta er registrert med 3 bruksnr i matrikkelen. Eitt av bruksnumra ligg utanfor skuletomta. Skiljet mellom dei to andre bør klargjerast gjennom grensepåvisning før sal vert effektuert.

SYNSPUNKT HUSEBØKRINSEN BYGDELAG

Ønskjer primært å overta eigedommen vederlagsfritt. Bygning og tomt vart i si tid gitt til Meland kommune av bygdefolk. Bygdelaget har gjort mykje dugnad på bygninga.

SYNSPUNKT MELAND KOMMUNE

Utgangspunkt for saka er vedtak i kommunestyret, sak 058/11 om disponering, eventuelt sal av Husebø gamle skule. Kommunen tilbyr Husebøkrinsen Bygdelag å kjøpe eigedommen for kr 5 000. I tillegg til denne summen må kjøpar dekke alle omkostningar ved salet, dvs grensepåvisning kr 13 300, gebyr for tinglysing kr 1 548,- og dokumentavgift kr 125,-.

Kommunen vil setje krav om gjenkjøpsrett som skal gjelde i 10 år.

VIDARE PROSESS

- Partane var samde om å gå vidare i saka under dei føresetnader som er gitt, dvs at Husebøkrinsen Bygdelag aksepterer kjøpesummen på kr 5 000, - pluss dei opplista omkostningane. Det vil bli sett opp ein formell kjøpekontrakt når grensepåvisning er gjennomført.
- Jens E. Dahl oversender driftsrekneskapen for eigedommen og sjekkar også bruksområde/føremål p.t.